



Jobbnorge-ID: 100525

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Prosjektkoordinator (seniorkonsulent)

Ved Studieadministrativ avdeling er det ledig ei stilling som prosjektkoordinator (seniorkonsulent) for delprosjektet «Digital eksamen» knytt til storsatsinga DigUiB.

Stillinga er ei fast 100 % stilling, og er knytt til Seksjon for studieinformasjon og systemforvaltning.

Seksjonen er ein av fem seksjonar ved avdelinga og har mellom anna systemansvar for dei felles studieadministrative IT-systema som Universitetet i Bergen nyttar.

Digitalisering av utdanningsverksemda gjennom DigUiB-prosjektet, er eit satsingsområde for UiB. Til prosjektet høyrer i dag mellom anna prosjekt for opptak og tilgjengeleggjering av forelesingar, UiB si e-læringsplattform og arbeid med digitalisering av eksamen. Stillinga vil bli særleg knytt til arbeidet med digital eksamen, men kan og bli involvert i andre delprosjekt.

Stillinga vil innebere ansvar for utarbeiding og oppfølging av framdriftsplan for delprosjektet i tett samarbeid med fagleg prosjektleiar, oppfølging av systemutviklarar ved IT-avdelinga, å ha oversikt over aktuelle løysingar for digital eksamen nasjonalt og internasjonalt, og tett kontakt med, og oppfølging av, dei som arbeider med rutiner for eksamensgjennomføring. Prosjektet er organisert med eigen prosjektgruppe og arbeidsgruppe. Prosjektkoordinatoren vil rapportere til fagleg prosjektleiar og prosjektgruppa, og vil ha ansvar for å følgje opp arbeidet i arbeidsgruppa og sikre framdrift.

Den som blir tilsett i stillinga må ha interesse for prosjektarbeid. Vidare må den som blir tilsett ha interesser for digitalisering og for nye trendar innan informasjonsteknologi. Andre oppgåver knytt til avdelinga sitt prosjektarbeid vil òg kunne bli lagt til stillinga.

Søklarar må ha relevant høgre utdanning på masternivå. Søklarar må ha erfaring med prosjektleiing/koordinering. Det er ein føremon med kjennskap til høgre utdanning. I særlege tilfelle kan mangel på formell utdanning bli kompensert med lang og relevant praksis kombinert med relevant etter- og vidareutdanning.

Den som blir tilsett må ha gode samarbeidsevner og vere særvisinnstilt, då prosjektkoordinatoren arbeider på tvers av einingar. Vi ønskjer ein sjølvstendig og løysingsorientert person med målfokus og solide gjennomføringsevner. Gode språkkunnskapar og god evne til munnleg og skriftleg kommunikasjon på både målføre og engelsk er viktig. Ved vurdering av søklarane vil dei personlege eigenskapane som ein ønskjer i stillinga, bli tillagde stor vekt.

Løn etter lønsssteg 51-60 (kode 1363) etter kvalifikasjonar. For særleg kvalifiserte søklarar kan høgre løn vurderast.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Utfyllande opplysingar om stillinga kan ein få ved å vende seg til seksjonsleiar Torunn Valen Mikalsen, tlf. 55 58 66 32/mobil 48 23 94 97, e-post: torunn.mikalsen@adm.uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og å rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført opp på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via link på denne sida «Søk denne stilling» til Universitetet i Bergen. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om det.

Søknadsfrist: 21.03.2014

Søknaden skal merkast: 14/869

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: